

# FELLAND Advokatfirma

Advokat/Jordskiftekandidat  
Olav Felland (H)  
Advokat/Master økonomi og admin.  
Vetli Felland  
Kontorsjef Randi J. Felland  
(H) = Møterett for Høgsterett

**DISPOSISJON**, torsdag 18. jan. 2024

Kampen om utmarka – konferanse på Gardemoen  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norsk Sau og Geit  
TYR

## Jordskiftelova – gjerdehald - Bruksordning

Med berre 30 min. går eg rett på reglane. No har de ein detaljdisposisjon som de kan sjå på seinare.

### 1. Jordskifteretten har einerett til å halde gjerdeskjøn – særreglar i jordskiftelova – i tillegg til gjerdelova

#### 1.1. § 1-1 Føremålet -viktig

«- effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet -.» Bøte på utenlege eigedoms- og bruksrettstilhøve vedlegg 1, s. 10

#### 1.2. § 1-4a Føremålet med saka

«- skape meir tenleg tilhøve» s. 11

#### 1.3. § 2-6 Jordskiftedomar + evt. 2 meddomarar

- Eg er i tvil om det svarar seg med meddomarar.  
Du veit aldri kven du får.
- Jordskiftedomaren er til vanleg positiv til dyrehald.  
Retten oppfattar seg som ein landbruksdomstol.  
s. 12

#### 1.4. § 5-3, d Heimel – rett

Rett for jordskifteretten til å halde gjerdeskjøn

**§ 5-7 Kva for reglar gjeld så langt dei høver**  
**Kap. 1, 2, 6 og 8.**

**1.4. Kap. 6 Krav om sak m.m.**

§ 6-9 sakleg og geografisk avgrensing av saka.  
 Eige drøftingstema.

§ 6-21 Framlegg til avgjerd  
 Merknad frå partane.  
 Jordskifteavgjerd – endeleg jordskifteløysing  
 § 6-23, 3. ledd, h.

**Kap. 7**

**1.5. Sakskostnadene**

Gebyr m.m. etter nytten  
 Skjønslova frå 1917. truleg § 43 – vurdering av retten

§ 7-11, 3. ledd – anke – sakskostnadene ved anke må kvar av partane bere eigne advokatkostnader.

**1.6. Kap. 8 anke**

Anke går til lagmannsretten.  
 1. jordskiftelagdomar og 2 meddomarar (lekmenn)

**2. Reglane i gjerdelova**

§ 7 og § 8 dei 2 sentrale reglane om tvang til å halde gjerde.  
 vedlegg 2, s. 18

**2.1. § 7 – Gjerdehaldstvang – nytte**

- Må vera til nytte for kvar og ein, dvs. alle eigedomane. Er det berre til nytte for ein eigedom, er ikkje vilkåret oppfylt.
  - Den totale nytten må klårt vera større enn kostnadene. Det skal vera ein samfunnsnytte.
  - Nytten skal vera økonomisk, men utsyn, utsjånad, vern mot innsyn og innstrenging er aktuelt å taka omsyn til.
  - Høve til mykje skjøn for jordskifteretten.
  - Plunder og heft med ekstra arbeid knytt til jaging av dyr er fordel å bli kvitt.
- Det må kunne reknast inn i nytten – ved å ha gjerde – for den som ikkje har dyr (NOU 1980:49, s. 19).

## 2.2. § 8 Halvering av kostnadene

- Fell urimeleg mykje på den eine, kan jordskifteretten – etter nytten – dele kostnadene skjønsmessig.  
Døme:  
A – nytte – 90% får 70% av kostnaden  
B - nytte – 10% får 30% av kostnaden

## 2.3. Gamle utskiftingar

Vedlegg 3, s. 22 (3 s) gjerdeplikt alltid viktig punkt, utskifting 1956, Sogn jordskifterett, Feios.

## 3. Gjerde- og Beitereglar

### 3.1. Frå gamalt av - utmarka sambeite

- Lite dyrka mark, eigar av «innmarka» måtte gjerde.
- Likevel eit visst ansvar for dyreeigaren med gjerde-tvang. Landslova 1274 og Norsk Lov 3-12-16 til 23 (NOU 1980:40, s. 13)

### 3.2. Lov om jordfreding 1860 – Gjerdelova

- Vakteplikt og gjerdehaldstvang.
- Detaljert og vanskeleg å praktisere. Varierte frå husdyr til husdyr, Etter § 21 kunne geiter drepast, når dei kom inn på innmarka. Hoppa over gjerda Bot og erstatning.

### 3.3. Gjerdelova 5.5.1961, Beitelova 16.6.1961

## 4. Grunnlag for beiterett

Aktuelle grunnlag for påstandar:

1. Skriftleg avtale
2. Stilletiande avtale  
LB-2000-1791 Toverud/Kongen  
vedlegg 4, s. (1,2, 8 og 19)
3. Alders tids bruk
4. Hevd
5. Festna rettstilhøve
6. Lokal sedvane

Streifbeite – ope beiteområde - § 3 i NOU 1980:49

- Slepper dyra på eigen eigedom
  - Streifar ikring i beiteområde
  - Bygger på lokal sedvane
  - Blir del av ein beiterett. Noko mindre enn ein full beiterett.
  - Fritok for erstatningsansvar § 6 i Beitelova 1961.
  - Nærast ein spesiell rett for grunneigaren i ei bygd innafor 1 eller fleire gardsnr.
  - Avgrensa lokal allemannsrett
  - Berre beite på det som er tilgjengeleg. Kan stengast ute.
  - Ikkje gjerdeplikt
  - Særleg praktisk og praktisert opp mot – og i fjellbeite, t.d. Hardangervidda.
  - Kan ikkje jaga dyra inn på grannen sin eigedom
  - Opp mot tolt bruk
  - Delvis akseptert av HR
- 
- Rt. 1990 – 1113 Feiring – Østre Toten, Mathiesen (Eidsvoll) ved Steinsjøen
    - ikkje streifbeiting
    - ikkje lokal sedvane sterkt nok
    - ikkje reflektert nok i forklaringa frå partar og vitne om at det var ein spesiell beiterett.
    - litt spesiell argumentasjon frå HR.
  
  - Rt. 1995 – 644 Balsfjord/Westerbotn
    - Felles beiterett i 150 år
      - Korleis føre praksisen attende i 150 år?
    - Avgrensa rett til beite ut frå langvarig og festna praksis
    - Ikkje «klår» streifbeiterett
    - Gjensidig næringsutøving
    - Ingen gjerdning
    - Meir enn ein streifbeiterett, s. 7 i domen
    - Ikkje avgrensa til det dyretalet (geiter) som tradisjonelt kan førast. § 2 i servituttlova – utviklast ut frå tid og tilhøve.

## 5. Beitelova § 6 og 7 skadeerstatningslova § 5-1 medverknad og § 5-2 lemping

- § 6 er ein absolutt regel. halde dyra utafor område der dei ikkje har rett til å vera.
- § 7 Skadebot – for skade på avling og eigedom  
2. ledd sentral
  - medverknad til skaden – setjast ned eller falle bort. vedlegg 6 , s. 29

Generell gjerdeplikt opp mot medverknad frå skadelidte, § 5-1.

- Lemping § 5-2  
Totalvurdering
- HR-2018-872 – A Femund sjte (siida) – Reinbeite – Beiteskade, vedlegg 7, s. 34

### Sentral dom

- Generell gjerdeplikt opp mot medverknad frå skade-lidte, § 5-1 og lemping, § 5-2.
- HR-2022-2068-A Sola-Buskerud Ferdigplen AS vedlegg 8, s. 35
  - 3 kyr og 3 kalvar
  - skade, kr 1,6 mill
  - jordskifteretten kr 0 i erst. (2-1) – skjøn § 11  
ikkje krav om kontinuerleg tilsyn. Det ville bety slutt på all beiting i større utmarksområder.  
Lagmannsretten kr 800.000

### HR

- medverknad – på annan måte § 7, 2. ledd, 2. alt.
- sjå på skulda til BF
- minske riskioen
- avgrense skade
- utfyller beitelova
- fritak for ansvar?
- totalvurdering
- uavhengig av gjerdeplikt burde BF gjert (avsnitt 65)
- lemping – skjønsmessig reduksjon

Denne domen saman med Femund sijte reduserer den 4-kanta tolkinga av § 6 og § 7 som mange har oppfatta tidlegare.

Medverknad og lemping vil kunne føre til at skadebota blir sett til kr 0.

Eg har aldri teke på meg saker om krav etter § 6 og 7.

Ofte mindre summar, rein krangling. Eg har fått til fleire avtaler mellom slike partar.

## 6. Bruksordning av jordskifteretten § 3-8

Reglar om sambruk

- omfattande og generell regel
- kom inn 1979, § 2c nr. 2 Vore noko endra
- ikkje så mykje brukta
- kunne ha vore brukta meir saman med § 3-9 investeringar og § 3-10 om organisering av lag

### 6.1. Utgangspunkt i § 1-1

- Bøte på utenleg eigedom- og brukstilhøve. Solid utgangsregel
- Effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom eller bruksrett.

### 6.2. Utgangspunkt i § 3-2

- Ein eigedom eller bruksrett er vanskeleg å bruke på tenleg måte. Dobbelt presisering, sjå § 1-1.

### 6.3. 1. setning – sambruk

- Dvs. Fleire brukar arealet i lag. Ein har eigedomsrett, ein annan beiterett, jaktrett eller vegrett.
- Lagar reglar om korleis beitet skal brukast
- Korleis det eventuelt skal gjerdast

### 2. setning – innføring av sambruk, der det ikkje er sambruk frå før – særlege grunnar, sterkt tvangsregel

- Førarbeid, Ot.prp. nr. 56(1978-79) s. 47  
«*Det er dei positive og faktiske sidene som departementet her legg størst vekt på, nemleg at*

*vi har store utmarksområde i landet som i dag ikkje kan brukast t.d. til beite på grunn av manglende gjerdehald. Det er dei store kostnadene med gjerdehaldet om kvar og ein skal gjerde inn sin teig som gjer at det blir lite og inkje att for kostnad og strev. Berre gjennom sambruk kan gjerdespørsmål og ulike vanskar løysast slik at bruken av utmarksområda kan bli praktisk og økonomisk mogleg.»*

- Mange små eigedomar
- Topografien
- Nokon blir hindra i å utnytte eigedomen sin

#### 6.4. Døme frå Vestmarka LB-2000-1791

- ca. 80.000 daa totalt areal
- « 7.000 daa skogeigar
- « 120 partar - 3 kommunar
- « 50 hadde beitedyr

I det vesentlege sett opp sperregjerde.

- Spørsmål:

Kunne beitebrukarane få beiterett på dei 7.000 daa?

Ja, sa Jordskifteretten

#### Fordel:

- Store beiteressursar
- Kostbart med ny inngjerding
- Positivt for skogen med sau, ryddar undervegatasjonen
- Må vera innafor beitekapasiteten i heile området
- Bruk av skogsvegar
- Kvar eigedom kan bruke beiteretten sin eller leige den bort.

#### Ulempe

- Eigedomen ligg i ytterkanten, kunne gjerdast ute ca. 4,7 km
- Store skadar på skogen, tråkk og beiting
- 100 storfe/ammekyr – maks
- Flokkar – einskilde dyr – dele opp slepping
- Sankefeller – saltlassar
- Konkurranse med elg
- Jaktinteresse

Jordskifteretten skipa:

- Eit Beiteeigarlag
- Eit Beitedriftslag
- 4.600 sauueiningar, 325 storfe – av dei 100 kjøtfe
- Beiteavgift (2007)
  - kr 200 pr. hest/kalveførande ku
  - kr 100 pr. kalv/ungdyr
  - kr 20 pr. vaksen sau
  - kr 10 pr. lam

30% går til Beiteeigarlaget

**6.4. Felles tiltak og investeringar**  
§ 3-9 t.d. fellesgjerde

**6.5. Skiping av lag med vedtekter**  
§ 3-10, beiteeigarlag og driftslag

**6.6. Off. samtykke, § 3-17**

**6.7. Ingen må li tap, § 3-18**

**6.8 Kvar av partane må betale eigne sakskostnader ved ei bruksordningssak, § 7-8.**

**7. Stutt oppsummering**

Gjennom 2 domar i HR er Beitelova, § 6 og § 7 om ansvar for skade nøytralisert sterkt. Den fyrste domen er Femund sitje – reinbeite 2018.

Den andre domen er Sola – Buskerud Ferdigplan AS 2022. Det er sterke krav om reduksjon i erstatning pga at ansvaret for medverknad og lemping av erstatningsansvaret.

Streifbeiting kunne ha vore eit aktuelt alternativ, men det er relativt få saker om det dei siste 10-20 åra. Den opninga som NOU 1980 kom med ser ut til å ha stagnert.

Bruksordning ved jordskifteretten etter § 3-8 m.fl.  
burde vera meir nytta både der det er sambruk og  
der det ikkje er sambruk.

Å få til ei beiteordning vil alltid vera tenleg for  
ein eller fleire. Det er eit tvangsinngrep som  
jordskifteretten står for.

FELLAND Advokatfirma  
Olav Felland

# Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)

|                |   |
|----------------|---|
| Dato           | LOV-2013-06-21-100                                |
| Departement    | Landbruks- og matdepartementet                    |
| Sist endret    | LOV-2023-06-09-32 fra 01.07.2023                  |
| Ikrafttredelse | 01.01.2016  |
| Endrer         | LOV-1979-12-21-77                                 |
| Rettsområde    | Landbruk, jakt og skogbruk ► Jordskifte           |
| Kunngjort      | 21.06.2013 kl. 15.35                              |
| Rettet         | 01.07.2021 (faglige noter fjernet, UU-tilpasning) |
| Korttittel     | Jordskiftelova – jskl                             |

---

## Kapittel 1. Formål, verkeområde, definisjonar, saksinnhald og sakstilknyting

### I. Formål, verkeområde og definisjonar

#### § 1-1. Formålet med lova

Formålet med lova er å legge til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Dette skal skje ved at jordskifteretten børter på utenlege eigedoms- og brukstilhøve, klarlegg og fastset grenser og rettar, og behandler skjønn og andre avgjerder etter denne og andre lover.

Lova skal også legge til rette for rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av sakene gjennom offentleg rettargang for uavhengige og upartiske jordskifterettar.

#### § 1-2. Verkeområde for lova m.m.

Lova gjeld for fast eigedom og rettar over fast eigedom, vassdrag og sjø i heile landet, om ikkje anna er fastsett i denne eller andre lover.

Kongen kan fastsetje at lova heilt eller delvis skal gjelde for Svalbard eller Jan Mayen, og kan da fastsetje særskilde tilpassingar etter tilhøva på staden.

Lova gjeld med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten eller av avtale med framand stat.

#### § 1-3. Definisjonar

I denne lova tyder

- a. *jordskifteområdet*: den geografiske avgrensinga av jordskiftet, jf. § 6-9 første ledd
- b. *tiltaksjordskifte*: jordskifte som følge av iverksetjing av offentlege og private tiltak, jf. § 3-2 første ledd andre punktum

- c. vernejordskifte: jordskifte som følgje av offentleg regulering av eigarrådvelde, jf. [§ 3-2](#) første ledd tredje punktum.

## II. Saksinnhald og sakstilknyting

### § 1-4. Kva det kan reisast sak om for jordskifteretten

- Jordskifteretten kan behandle krav om
- endring i eigedomstilhøve og rettar for å skape meir tenlege tilhøve, jf. [kapittel 3](#)
  - fastsetjing av eigedomstilhøve og rettar, jf. [§ 4-1](#)
  - fastsetjing av grenser, jf. [§§ 4-2](#) og 4-3
  - skjønn og andre avgjerder etter andre lover, slik det går fram av [kapittel 5](#) og av reglane i særlovene.

### § 1-5. Kven som kan reise sak

Krav om sak kan setjast fram av den som eig fast eigedom, eller har rett knytt til fast eigedom, eller av festar.

I område med reindrift etter reindriftsloven, kan distriktsstyret, jf. [reindriftsloven § 43](#), siidastyret, jf. [reindriftsloven § 52](#), og leiar av siidaandel, jf. [reindriftsloven § 10](#), krevje jordskifte i dei høve som § 3-8 fjerde ledd og § 3-9 andre ledd nemner. Det same gjeld ved krav om rettsutgreiing etter [§ 4-1](#) og grensefastsetjing etter [§ 4-2](#).

Offentleg styresmakt og andre tiltakshavarar med heimel til å ekspropriere til tiltak og anlegg, kan krevje jordskifte etter [kapittel 3](#).

Offentleg styresmakt med heimel til å regulere eigarrådvelde, kan krevje jordskifte etter [kapittel 3](#) og grensefastsetjing etter [§ 4-2](#).

Retten til å krevje sak kan ein ikkje skrive frå seg.

## Kapittel 2. Jordskifterettane

### I. Organisering av jordskifterettane

#### § 2-1. Jordskiftesokn (verneting)

Kongen deler riket inn i jordskiftesokn for jordskifterettane.

#### § 2-2. Tihøvet til domstolloven

Domstolloven gjeld for jordskifterettane om ikkje anna er fastsett, jf. [domstolloven § 2](#) andre ledd.

#### § 2-3. Bemanning

Jordskifteretten skal ha ein jordskifteretsleiar som òg er jordskiftedommar, og så mange jordskiftedommarar som til kvar tid er bestemt.

Jordskifteretten skal ha teknisk personale. For teknisk personale gjeld reglane i [kapittel 6](#) i domstolloven så langt dei høver. Domstoladministrasjonen kan skipe ei eiga eining med faglege og tekniske støttefunksjonar for jordskifterettane. Eininga kan anten vere sjølvstendig eller vere knytt til ein domstol.

Jordskifteretten kan ha minst ein jordskiftedommarfullmektig som kan utføre oppgåver på vegner av jordskiftedommaren. Domstoladministrasjonen kan gi forskrift om kva for myndigkeit dommarfullmektigen skal ha, og kven som kan gi slik myndigkeit til dommarfullmektigen.

[Domstolloven § 19](#) andre ledd gjeld ved tilkalling av jordskiftedommarar.

#### **§ 2-4. *Utdanningskrav***

Jordskiftelagdommarar, jordskiftedommarar og jordskiftedommarfullmektigar må ha jordskiftefagleg utdanning på mastergradsnivå med fagkrins fastsett av departementet.

#### **§ 2-5. *Utval av jordskiftemeddommarar***

I kvart jordskiftesokn skal det vere eit særskilt utval av jordskiftemeddommarar. Medlemmene i utvalet skal vere kunnige i saker som jordskifteretten i jordskiftesoknet til vanleg har.

Jordskifteretsleiaren fastset kor mange jordskiftemeddommarar som skal utpeikast, slik at ein kan rekne med at kvart medlem kan gjere teneste i ei sak i valperioden.

Utvalet skal utpeikast etter reglane i domstolloven om val av meddommarar. Jordskifteretsleiaren fastset kor mange det skal vere i utvalet for kvar kommune. Alle kommunar i jordskiftesoknet skal peike ut minst éin medlem av kvart kjønn til utvalet, og alltid like mange av kvart kjønn. Meddommarar og skjønnsmedlemmer er ikkje fritekne for val til utvalet av jordskiftemeddommarar.

0 Endra med lov [16 juni 2017 nr. 58](#) (ikr. 1 jan 2018 iflg. [res. 13 okt 2017 nr. 1613](#)).

### **II. Samansetjinga av jordskifteretten i ulike slags saker. Lovnad frå jordskiftemeddommar med meir**

#### **§ 2-6. *Samansetjinga av jordskifteretten***

Jordskifteretten skal setjast med ein jordskiftedommar.

Dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar.

I tiltaks- og vernejordskifte skal retten setjast med to jordskiftemeddommarar. Dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst, skal retten setjast med fire jordskiftemeddommarar.

I omfattande saker kan jordskifteretsleiaren fastsetje at ein eller to varajordskiftemeddommarar og ein varajordskiftedommars skal følgje forhandlingane for å ta sete i jordskifteretten ved forfall.

Ei avgjerd om samansetjinga etter andre til fjerde ledd kan ikkje ankast.

#### **§ 2-7. *Oppnemning av jordskiftemeddommarar***

Utan omsyn til soknegrenser skal jordskiftedommaren nemne opp jordskiftemeddommarar og varajordskiftemeddommarar frå utvalet som er nemnt i [§ 2-5](#). Jordskiftedommaren skal nemne opp jordskiftemeddommarar som er kunnige i det saka i hovudsak gjeld. Er det nødvendig for å få jordskiftemeddommarar som er særleg kunnige på eitt eller fleire område, kan jordskiftedommaren nemne opp jordskiftemeddommarar som ikkje er med i utvalet.

Dersom ein oppnemnt jordskiftemeddommar ikkje møter eller ikkje kan gjere teneste, og heller ikkje nokon av dei oppnemnde varajordskiftemeddommarane kan møte innan rimeleg tid, kan jordskiftedommaren nemne opp ein annan jordskiftemeddommar for møtet. Ein slik jordskiftemeddommar treng ikkje høyre til utvalet.

## **§ 2-8. Innprenting og lovnad**

Første gong nokon gjer teneste som jordskiftemeddommar, skal jordskiftedommaren i rettsmøte gjere jordskiftemeddommaren kjend med dei pliktene ein jordskiftemeddommar har. Jordskiftemeddommaren skal love at han vil gjere pliktene sine samvitsfullt og etter beste overtyding i denne saka, og i alle framtidige saker.

Domstoladministrasjonen fastset ordlyden i lovnaden.

— “ —

## **§ 3-2. Utenlege eigedomstilhøve**

Jordskifteretten kan halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 dersom minst éin eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tida og tilhøva. Det same gjeld dersom det er grunn til å rekne med at minst éin eigedom eller bruksrett vil bli vanskeleg å bruke på tenleg måte som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. Som offentleg tiltak skal òg reknast offentleg regulering av eigarrådvelde eller vedteken reguleringsplan med tilhøyrande omsynssone.

Jordskifteretten kan ikkje gjere andre endringar enn dei som er nødvendige for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva som partane har teke opp i jordskiftet.

— “ —

## **§ 3-8. Reglar om sambruk (bruksordning)**

Jordskifteretten kan gi eller endre reglar for eksisterande sambruk mellom eigedommar. Jordskifteretten kan skipe sambruk og gi reglar om sambruk der det ikkje er sambruk frå før, dersom det er særlege grunnar for det. Jordskifteretten kan ordne tilhøva mellom eigar og bruksrettshavar og mellom bruksrettshavarar. Jordskifteretten kan mellom anna avgrense feltet for utøving av bruksrett, og gi reglar om bruksmåte.

Jordskifteretten kan både gi varige og mellombelte reglar.

Jordskifteretten kan gi reglar om sambruk av uteareala til eigarseksjonar. Første og andre ledd gjeld for skiping av sambruk i uteareala til eigarseksjonar.

Jordskifteretten kan gi reglar om bruken i det samiske reinbeiteområdet der det blir drive reindrift. Retten kan ikkje regulere tilhøva mellom dei som driv slik reindrift.

## **§ 3-9. Pålegg om felles tiltak og pålegg om felles investeringar**

Jordskifteretten kan påleggje felles tiltak og påleggje felles investeringar i samband med bruk av eigedommar eller bruksrettar.

Jordskifteretten kan òg påleggje felles tiltak og felles investeringar mellom reindrifta og grunneigarar eller bruksrettshavarar.

## **§ 3-10. Skiping av lag og fastsettjing av vedtekter. Driftsselskap**

Jordskifteretten kan skipe lag for drift eller vedlikehald når fleire skal bruke eigedom eller har bruksrett. Jordskifteretten kan òg endre eksisterande lag.

Jordskifteretten skal fastsetje vedtekter for lag han skipar. I eksisterande lag skal vedtekten endrast i den mon endringar i bruksreglar eller endringar i laget tilseier det.

Tiltak som kan innebere stor risiko, kan berre gjennomførast av eit driftsselskap. Laget tek avgjerd om gjennomføring ved fleirtalsvedtak. Kvar av deltakarane har rett til å vere med i driftsselskapet så langt det svarar til høvetalet. Om nokon vil vere med som ikkje røysta for, skal det seiast frå så snart råd er og seinast tre veker etter at han har fått skriftleg melding om vedtaket med opplysing om denne fristen. Driftsselskapet skal svare vederlag for utnyttingsretten til laget, som fordelar dette til deltakarane etter høvetalet deira.

Når partane er samde, kan andre tiltak enn nemnt i tredje ledd første punktum gjennomførast av eit driftsselskap. Tredje ledd tredje og femte punktum gjeld tilsvarande.

— “ —

#### § 3-17. *Føresegner og løyve*

Jordskifteløysinga skal ikkje vere i strid med bindande offentlege føresegner om arealbruk.

Nödvendige offentlege løyve skal ligge føre når jordskifteretten tek avgjerd om den endelege jordskifteløysinga. Jordskifteretten kan søkje om dei løyva som trengst for å setje i verk jordskiftet.

— “ —

#### § 3-18. *Vern mot tap*

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

— “ —

### § 5-3. *Skjønn og andre avgjerder etter andre lover i samband med sak for jordskifteretten*

Jordskifteretten held skjønn og tek andre avgjerder i samband med sak for jordskifteretten etter a. ---

- b. lov 28. juni 1957 nr. 16 om friluftslivet § 35 femte ledd tredje punktum
- c. lov 23. oktober 1959 nr. 3 om orealigning av fast eigedom §§ 17, 19, 26 og 27
- d. lov 5. mai 1961 om grannegjerde
- e. lov 16. juni 1961 nr. 12 om ymse beitespørsmål §§ 7, 9 og 14
- f. lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar kapittel VII
- g. lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom
- h. lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 11
- i. lov 9. desember 1994 nr. 64 om løysingsrettar § 22
- j. lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann § 31 tredje ledd bokstav c
- k. lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag § 4-18
- l. lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon § 12-3
- m. lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering § 45
- n. lov 15. juni 2007 nr. 40 om reindrift
- o. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling § 16-12, og
- p. ---

— “ —

### § 5-7. *Behandlinga av saker etter kapittel 5*

Kapitla 1, 2, 6 og 8 gjeld så langt dei høver for skjønn og andre avgjerder som jordskifteretten held eller tek etter §§ 5-1 til 5-3. I tillegg gjeld § 7-1 andre ledd og § 7-10. Reglane for skjønn styrt av tingretten i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker gjeld så langt kapittel 1, 2, 6 og 8

ikkje har reglar om behandlinga. I tillegg gjeld reglane i dei lovane som er nemnde i § 5-3, for behandlinga.

Avgjelder som jordskifteretten tek som eiga sak etter §§ 5-4 til 5-6, følgjer reglane for skjønn styrt av tingretten i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. I tillegg gjeld reglane i dei lovane som er nemnde i § 5-3, for behandlinga.



### § 6-9. *Sakleg og geografisk avgrensing av saka*

Jordskifteretten skal gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka i samsvar med det eller dei krava som reisast, og som partane har fått ytre seg om.

Retten kan setje ein frist for partane til å fremje krav om den saklege eller geografiske avgrensinga av saka. Krav som er sette fram etter denne fristen, skal avvisast dersom retten ikkje finn gode grunnar for krava. Det skal mellom anna takast omsyn til kva dei andre partane meiner om krava, og om saka vil bli mykje forseinka.

Retten skal ta avgjerd om avgrensinga så snart det er grunnlag for det.

Om retten meiner det må til for å bøte på dei utenlege eigedomstilhøva i eit jordskifteområde, kan han av eige tiltak gå utanom den geografiske avgrensinga i dei krava som er reiste, og ta med attverande delar av dei eigedommane som jordskiftet gjeld. Jordskifteområdet kan likevel ikkje utvidast meir enn det som trengst for å få løyst saka slik ho er sakleg avgrensa etter dei krava som er reiste.



### § 6-21. *Forslag til jordskifteavgjerd*

Ved førebuing av ei jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav b), f) og h), skal retten utarbeide forslag som viser resultatet av jordskifteavgjerd, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

Før forslaget blir utarbeidd, skal retten gi partane høve til å uttale seg. Partane skal òg få høve til å uttale seg om dei merknadene til forslaget som kjem inn.

Fristen for å uttale seg skal normalt ikkje vere kortare enn to veker.

Forslaget skal behandlast i rettsmøte. Dersom jordskifteretten meiner det held, og ingen av partane set seg imot det, kan forslaget behandlast skriftleg.



## **VI. Rettslege avgjelder og rettsforlik**

### § 6-23. *Avgjerdssformer*

Ved dom tek jordskifteretten avgjerd om grenser, eigedomsrett, rettar og anna.

Ved orskurd tek retten avgjerd

- når ei sak skal avvisast fordi formelle vilkår for å ta opp saka ikkje er oppfylte
- når ei sak av andre grunnar blir avslutta utan realitetsavgjerd
- ved tvist om bevis
- når det er fastsett i lov at retten skal bruke orskurd.

Avgjerd om saksbehandlinga skal treffast som vedtak når det ikkje i lov er fastsett at avgjerala skal vere orskurd.

Ved jordskifteavgjerd tek retten avgjerd om

- a. vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje, samt sakleg og geografisk avgrensing av saka etter § 6-9
- b. verdsetjing av det som skal gå i byte i jordskiftet, val av trasé for vegar og andre jordskifteløysingar undervegs i saka som ikkje er nemnde annan stad i leddet her
- c. merking og måling også når dette arbeidet er utsett til etter at saka er avslutta
- d. skjønn og andre avgjelder etter andre lover etter kapittel 5 i samband med sak for jordskifteretten
- e. reglar som etter § 3-34 skal gjelde for ei viss tid
- f. fordeling av planskapt netto verdiauke etter § 3-30
- g. sakskostnader etter § 7-6, og
- h. den endelige jordskifteløysinga.

Om ei avgjerd er teken i feil form, har det ingenting å seie for rettsverknadene eller for prøving av avgjerda. Ved bruk av rettsmiddel etter kapittel 8 skal ein følgje reglane for den avgjerala som retten skulle ha brukt.



## Lov om grannegjerde [grannegjerdelova]

|                |   |
|----------------|---|
| Dato           | LOV-1961-05-05  |
| Departement    | Landbruks- og matdepartementet                                |
| Sist endret    | LOV-2013-06-21-100 fra 01.01.2016                             |
| Ikrafttredelse | 01.01.1962  |
| Rettsområde    | Fast eiendoms rettsforhold ► Naborett                         |
| Rettet         | 27.08.2021 (faglige fotnoter fjernet, struktur, UU-tilpasset) |
| Korttittel     | Grannegjerdelova – ggl  |

### Innholdsfortegnelse

#### Lov om grannegjerde [grannegjerdelova]

##### Innholdsfortegnelse

###### Ålmenne føresegner.

###### Rett til å ha grannegjerde.

###### Tvang til å halda grannegjerde. § 7

###### Gjerdehalde i serlege eige- og brukshøve.

###### Avgjerd om gjerdehald § 14

###### Tvangsfullføring.

###### Vedtekter.

###### Ikraftsetjing og overgangsføresegner.

Jf. tidlegare lov 16 mai 1860 nr. 2 første kap. Jf. lover 21 juni 1963 nr. 23 kap. V, 15 juni 2007 nr. 40 § 24, pbl. § 20-1 og § 28-4.

### Ålmenne føresegner.

#### § 1.

Føresegnerne i denne lova gjeld berre når ikke anna fylgjer av serlege rettshøve. Avtale om gjerdeskipnad gjeld framfor føresegnerne i denne lova, når anna ikke er serskilt sagt.

Gjerdehalde ved offentleg veg og jarnveg går ikke inn under lova. Lova gjev ikke rett til å avtala, krevja eller ha gjerde som er i strid med lov eller vedtekter gjevne med heimel i lov.

#### § 2.

Når minst 10 år er gått, kan avtale om gjerdeskipnad seiast opp med eit års frist. Det same gjeld etter serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avtala. Lenger tid eller frist kan ikke avtalast, utan i samband med at del av eigedom vert fråskild til eige eller bruk.

#### § 3.

Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikke er farleg for folk eller husdyr.

Det må ikke gjerast såleis at det løyner bort eller skader noko delemerke.

Gjerdeskipnad i strid med denne paragrafen kan ikkje avtalast.

#### § 4.

Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er uturvande eller urimeleg til ulempe eller lyte på granneeidom.

Det skal setjast i delelina, ikkje lenger inn på grannegrunnen enn på eigen grunn, og ikkje lenger inn enn 0,50 meter. Denne føresegna råkar ikkje steingard som lovleg står lenger inne på grannegrunn når denne lova tek til å gjelda.

Der det fell serleg vanskeleg eller dyrt å ha gjerdet i delelina, kan det setjast ved sida mot skadebot til grunneigaren.

#### § 5.

Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderestar som kan vera farlege for folk eller husdyr. Så langt grannane ikkje har ansvar for kvart sitt stykke, skal dei dele kostnadene med å taka gjerdet eller gjerderestane bort i same høve som den skyldnaden dei hadde til å halda gjerde på den tida dette vart lagt ned. Tvist etter denne paragrafen kan avgjeraast av jordskifteretten.

0 Endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

### Rett til å ha grannegjerde.

#### § 6.

Grinne har rett til å ha gjerde mot granneeidom når han kostar det sjølv.

### Tvang til å halda grannegjerde.

#### § 7.

Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan grinne krevje gjerdehald av grinne, så framt det er klært at samanlagt for både eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

Gjerde som er der frå før, må ikkje leggjast ned utan vedlikehaldskostnaden er større enn nytta for både eigedomane under eitt.

Mot hyttetuft i utmark har utmarkeigaren ingen skyldnad til å halda gjerde.

#### § 8.

Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, ber kvar av grannane sin halvpart av gjerdehaldet. Fell det då urimeleg mykje av gjerdehaldsskyldnaden på ein av grannane etter den nytta han har av gjerdet, kan gjerdehaldsskyldnaden delast mellom dei av jordskifteretten.

Vil den eine grinnen ha dyrare gjerde enn den andre har skyldnad til å vera med på, har han rett til det mot at han tek på seg meirkostnaden.

0 Endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

#### § 9.

Hus eller anna byggverk som står såleis, at det gjer teneste i staden for grannegjerde, vert ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jammast ut med avstytting i lengda eller på annan måte som jordskifteretten fastset.

0 Endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

#### § 10.

Der det er tenlegast så, kan jordskifteretten taka avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som jordskifteretten fastset.

Avtale eller serlege rettshøve som hindrar ein rimeleg gjerdeskippnad, kan setjast til sides mot at den grinnen som får vinninga, held den andre skadelaus.

0 Endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

### Gjerdehaldet i serlege eige- og brukshøve.

#### § 11.

Der ein annan enn eigaren brukar eigedomen eller eit serskilt stykke, har både brukar og eigar ansvar for gjerdehaldet andsynes grannane og rett til å krevja lovleg gjerdehald frå deira side. Om deling av kostnaden mellom eigar og brukar gjeld § 8 på tilsvarende måte.

Der ein annan enn eigaren har beiteretten på eit serskilt stykke, eller heile eigedomen, vert beiterettshavaren rekna for brukar.

#### § 12.

For område som ligg i sameige mellom bruk, er retten og skyldnaden til gjerdehald utetter som om det var ein eigedom for seg. Har sameigarane ikkje kvar sitt tydeleg fastsette gjerdehaldsstykke, er dei ansvarlege ein for alle og alle for ein.

Sigimellom er sameigarane skyldige til å bera så mykje av gjerdehaldet at det svarar til den parten kvar av dei har i sameiga.

#### § 13.

For serskilt område der to eller fleire som ikkje er sameigarar har rett til beite, gjeld fyrste stykket i § 12 på tilsvarende måte. Er det ikkje anna delingsgrunnlag, svarar kvar av dei for gjerdehaldet etter kor mykje dyr han har rett til å ha på beitet.

### Avgjerd om gjerdehald

0 Overskrifta endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

#### § 14.

Jordskifteretten avgjer spørsmål om gjerdehald i samband med sak for jordskifterett, eller som eiga sak. Jordskiftelova § 5-7 gield for behandlinga i jordskifteretten av saker etter lova her.

I spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er gått. Det same gjeld etter eigedomsdeling og etter andre særlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avgjerdna.

0 Endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

#### § 15.

Kjem jordskifteretten til at der er skyldnad til å halde gjerde, tek jordskifteretten turvande avgjelder om korleis gjerdet skal vera, og kva tid det seinast skal bli sett i lovleg stand. Slike avgjelder skal mest mogeleg

retta seg etter det grannane sjølv ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på ei av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau, så langt ikkje anna fylgjer av vedtekt etter § 18 b, eller avtale partane imellom. Der det er rein jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sider, er det ingen skyldnad til å halda gjerdet i stand utanom den tida på året då marka er tenleg til beiting (jfr. § 18 c).

0 Endra med lov 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

## § 16.

Kostnaden ved avgjerd om gjerdehald etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nytta kvar av dei har av gjerde, såframt ikkje jordskifteretten finn grunn til ei anna deling. Om kostnaden elles gjeld det som er fastsett i tvisteloven kapittel 20.

0 Endra med lover 18 juni 1965 nr. 5, 26 jan 1973 nr. 3, 18 des 1998 nr. 84 (ikr. 1 jan 1999 iflg. res. 18 des 1998 nr. 1199), 15 juni 2001 nr. 78 (ikr. 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 714), 25 juni 2004 nr. 53 (ikr. 1 jan 2006 iflg. res. 19 aug 2005 nr. 901) som endra med lov 17 juni 2005 nr. 84, 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 26 jan 2007 nr. 88) som endra med lov 26 jan 2007 nr. 3, 27 juni 2008 nr. 71 (ikr. 1 juli 2009 iflg. res. 12 juni 2009 nr. 638), 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

## Tvangsfullføring.

### § 17.

Avgjerdene jordskifteretten tek er tvangsgrunnlag på same måte som orskurder. Klagen har ikkje utsetjande verknad om ikkje jordskifteretten vedtek noko anna. Føresegna i tvisteloven § 19-13 tredje og fjerde stykket gjeld tilsvarande.

Når den eine grinnen ikkje oppfyller gjerdehaldsskyldnaden, kan nåmsmannen lata den andre få fullmakt til å setja arbeidet i verk på hans kostnad. Har kravet ikkje tvangskraft, skal nåmsmannen gjeva grinnen høve til å seia si meining før han tek avgjerala si. Er det ikkje tvangsgrunnlag frå før, kan tvist om kostnadsspørsmålet avgjeraast av jordskifteretten når arbeidet er gjort.

0 Endra med lover 16 juni 1961 nr. 15 § 24, 26 jan 1973 nr. 3, 26 juni 1992 nr. 86, 14 des 2001 nr. 98 (ikr. 1 jan 2002 iflg. res. 14 des 2001 nr. 1416), 25 juni 2004 nr. 53 (ikr. 1 jan 2006 iflg. res. 19 aug 2005 nr. 901) som endra med lov 17 juni 2005 nr. 84, 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 26 jan 2007 nr. 88) som endra med lov 26 jan 2007 nr. 3, 21 juni 2013 nr. 100 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 736).

## Vedtekter.

### § 18.

I vedtekt stadfest av Kongen kan kommunestyret:

- a. setja forbod mot visse slag grannegjerde og gjeva nærmere føresegner om korleis gjerde skal vera,
- b. fastsetja andre krav til høgd, styrke og tettleik på jordbruksjerde enn dei som er sette i § 15, andre stykket,
- c. fastsetja kva tid på året marka skal reknast for tenleg til beiting, jfr. § 15, andre stykket.

## Ikraftsetjing og overgangsføresegner.

### § 19.

Denne lova tek til å gjelda frå den tid<sup>1</sup> Kongen fastset. Samstundes held fyrste kapitlet i lova om jordfreding frå 16. mai 1860 [nr. 2] opp å gjelda. ---

Den gjerdeskipnaden som er mellom eideomane når denne lova tek til å gjelda, står ved lag så lenge ikkje anna vert fastsett i gjerdeskjøn eller på annan lovleg måte. Føresegna i § 2 fyrste punktumet, skal og gjelda for avtale om gjerdeskipnad frå tida før denne lova er sett i kraft.

1 Lova gjeld frå 1 jan 1962 iflg. res. 8 des 1961.

## § 20.

